



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2024 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer: 999 640 052
Organisasjonsform: Aksjeselskap
Foretaksnavn: GRANVIN KULTURHUS AS
Forretningsadresse: Nyveg 16
3840 SELJORD

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2024 - 31.12.2024

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Gunnar Eilefstjønn
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 19.05.2025

Grunnlag for avgivelse

År 2024: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2023: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2024

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 11.06.2025



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Driftsinntekter	1	9 365 767	8 848 687
Sum inntekter		9 365 767	8 848 687
Kostnader			
Varekostnad		589 305	472 564
Lønnskostnad	2	5 066 417	4 417 961
Avskrivning på driftsmiddel og immaterielle eigendelar	3	973 329	993 082
Annen driftskostnad		2 319 595	2 459 289
Sum kostnader		8 948 646	8 342 896
Driftsresultat		417 121	505 790
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		10 419	18 895
Annan finansinntekt		15 227	14 202
Sum finansinntekter		25 646	33 097
Annan rentekostnad		919 599	831 068
Sum finanskostnader		919 599	831 068
Netto finans		-893 953	-797 971
Resultat før skattekostnad		-476 832	-292 180
Årsresultat	4	-476 832	-292 180
Årsresultat etter minoritetsinteresser		-476 832	-292 180
Totalresultat		-476 832	-292 180
Overføringer og disponeringar			
Udekt tap		-476 832	
Overført fra annan eigenkapital			-292 180
Sum overføringer og disponeringar		-476 832	-292 180



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
---------------------	-------------	-------------	-------------



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Varige driftsmiddel			
Kunst, tomter og annan fast eigendom	3	577 526	595 176
Bygg og anlegg	3	16 063 955	16 835 658
Driftslausøyre, inventar o.a. utstyr	3	992 150	1 071 573
Sum varige driftsmiddel	3, 5	17 633 631	18 502 407
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringer i aksjar og lutar	6	5 000	5 000
Sum finansielle anleggsmiddel		5 000	5 000
Sum anleggsmiddel		17 638 631	18 507 407
Omløpsmiddel			
Varer			
Sum varer		84 113	95 202
Krav			
Kundefordringar		269 412	470 524
Andre fordringar		18 036	-1 348
Sum krav		287 448	469 176
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskot, kontantar o.l.		1 074 074	1 093 768
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		1 074 074	1 093 768
Sum omløpsmiddel		1 445 635	1 658 146
SUM EIGEDELAR		19 084 266	20 165 553

BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
Eigenkapital			
Innskoten egenkapital			
Aksjekapital	7, 8	4 094 000	4 094 000
Sum innskoten egenkapital		4 094 000	4 094 000
Opptent egenkapital			
Annen egenkapital	8		-292 180
Udekt tap		1 034 642	265 630
Sum opptent egenkapital		-1 034 642	-557 810
Sum egenkapital	4, 8	3 059 358	3 536 190
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Anna langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	5	14 582 080	15 293 400
Sum anna langsiktig gjeld		14 582 080	15 293 400
Sum langsiktig gjeld	5	14 582 080	15 293 400
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		173 454	176 643
Skattetrekk og andre trekk		429 178	330 584
Annan kortsiktig gjeld		840 196	828 736
Sum kortsiktig gjeld		1 442 828	1 335 964
Sum gjeld		16 024 908	16 629 364
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		19 084 266	20 165 553



Brønnøysundregistrene

ÅRSREGNSKAP FOR REGNSKAPSÅRET 2024 - GENERELL INFORMASJON

Journalnummer: 2025 485725

Enheten

Organisasjonsnummer: 999 640 052
Organisasjonsform: Aksjeselskap
Foretaksnavn: GRANVIN KULTURHUS AS
Forretningsadresse: Nyveg 16
3840 SELJORD

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2024 - 31.12.2024

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av
årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Gunnar Eilefstjønn
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 19.05.2025

Revisjon

Årsregnskapet er utarbeidet av ekstern
autorisert regnskapsfører: Ja
Ekstern autorisert regnskapsfører har i
løpet av regnskapsåret bistått ved den
løpende regnskapsføringen eller utført
andre tjenester for selskapet enn å
utarbeide årsregnskapet: Ja

Grunnlag for avgivelse

År 2024: Årsregnskap er elektronisk innlevert.
År 2023: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2024.

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 10.06.2025



Organisasjonsnr: 999 640 052
GRANVIN KULTURHUS AS

RESULTATREGNSKAP

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Driftsinntekter	1	9 365 767	8 848 687
Sum inntekter		9 365 767	8 848 687
Kostnader			
Varekostnad		589 305	472 564
Lønnskostnad	2	5 066 417	4 417 961
Avskrivning på driftsmiddel og immaterielle eigendelar	3	973 329	993 082
Annen driftskostnad		2 319 595	2 459 289
Sum kostnader		8 948 646	8 342 896
Driftsresultat		417 121	505 790
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		10 419	18 895
Annan finansinntekt		15 227	14 202
Sum finansinntekter		25 646	33 097
Annan rentekostnad		919 599	831 068
Sum finanskostnader		919 599	831 068
Netto finans		-893 953	-797 971
Resultat før skattekostnad		-476 832	-292 180
Årsresultat	4	-476 832	-292 180
Årsresultat etter minoritetsinteresser		-476 832	-292 180
Totalresultat		-476 832	-292 180
Overføringer og disponeringar			
Udekt tap		-476 832	
Overført fra annan eigenkapital			-292 180
Sum overføringer og disponeringar		-476 832	-292 180



Organisasjonsnr: 999 640 052
GRANVIN KULTURHUS AS

BALANSE

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
--------------	------	------	------

BALANSE - EIGEDELAR

Anleggsmiddel

Immaterielle egedelar

Varige driftsmiddel

Kunst, tomter og annan fast eigendom	3	577 526	595 176
Bygg og anlegg	3	16 063 955	16 835 658
Driftslausøyre, inventar o.a. utstyr	3	992 150	1 071 573
Sum varige driftsmiddel	3, 5	17 633 631	18 502 407

Finansielle anleggsmiddel

Investeringer i aksjar og lutar	6	5 000	5 000
Sum finansielle anleggsmiddel		5 000	5 000

Sum anleggsmiddel		17 638 631	18 507 407
-------------------	--	------------	------------

Omløpsmiddel

Varer

Sum varer		84 113	95 202
-----------	--	--------	--------

Krav

Kundefordringar		269 412	470 524
Andre fordringar		18 036	-1 348
Sum krav		287 448	469 176

Bankinnskot, kontantar og liknande

Bankinnskot, kontantar o.l.		1 074 074	1 093 768
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		1 074 074	1 093 768

Sum omløpsmiddel		1 445 635	1 658 146
------------------	--	-----------	-----------

SUM EIGEDELAR		19 084 266	20 165 553
---------------	--	------------	------------

BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD

Eigenkapital

Innskoten eigenkapital

Aksjekapital	7, 8	4 094 000	4 094 000
Sum innskoten eigenkapital		4 094 000	4 094 000

Opptent eigenkapital



Annen egenkapital	8		-292 180
Udekt tap		1 034 642	265 630
Sum opptent egenkapital		-1 034 642	-557 810
Sum egenkapital	4, 8	3 059 358	3 536 190
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Anna langsiktig gjeld			
Gjeld til			
kredittinstitusjonar	5	14 582 080	15 293 400
Sum anna langsiktig gjeld		14 582 080	15 293 400
Sum langsiktig gjeld	5	14 582 080	15 293 400
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		173 454	176 643
Skattetrekk og andre trekk		429 178	330 584
Annan kortsiktig gjeld		840 196	828 736
Sum kortsiktig gjeld		1 442 828	1 335 964
Sum gjeld		16 024 908	16 629 364
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		19 084 266	20 165 553



Organisasjonsnr: 999 640 052
GRANVIN KULTURHUS AS

NOTEOPPLYSNINGER - SELSKAP - alle poster oppgitt i hele tall

Note
2

Tal på årsverk i regnskapsåret
6.50

Sum Beløp

Balanseført verdi 31.12. Varige driftsmiddel Immaterielle eigned.

Konsernregnskap

Morselskapet sitt navn

Forretningskontor for morselskapet

Grunn til at dotterselskap ikke er tatt med i konsolideringa

Samla beløp - tilknytt selskap Årets Fjorårets

Samla beløp - foretak i samme konsern Årets Fjorårets

Samla beløp - foretak i samme konsern Årets Fjorårets

Samla beløp - felles kontrollert verksemd Årets Fjorårets

Pantstillingar Beløp

Behaldning av egne aksjar Tal på aksjar Pålydande Andel av aksjek.



Årsrekneskap 2024
GRANVIN KULTURHUS AS

Rapport frå styret
Resultatrekneskap
Balanse
Noter til rekneskapen

Org.nr.: 999 640 052



ÅRSMELDING GRANVIN KULTURHUS AS 2024

Org. nr: 999 640 052

ARTEN AV VERKSEMDA OG KVAR DEN DRIVAST

Granvin kulturhus er eit aksjeselskap eigd av Seljord kommune(28,55%), private aksjeeigarar (26,66%), Seljord Idrettslag (22,39%) og Seljord Ungdomslag (22,39%). Kulturhuset har status som regionalt kulturhus og er lokalisert i Seljord. Føremålet til selskapet er å eige, drive og utvikle Granvin kulturhus.

Styret og styrearbeid 2024

Styresamansetjing:

Styreløiar: Kai Slåkvik
Aksjeeigarane

Nestløiar: Irene Kåsa
Aksjeeigarane

Styremedlem: Hans Inge Hagen
Seljord idrettslag

Styremedlem: Lene Kleivi
Seljord ungdomslag

Styremedlem: Fram til generalforsamling 22. mai, Asbjørn Storrusten
Etter generalforsamling 22. mai, Kim Bringa
Seljord kommune

Sekretær for styret er dagleg løiar ved Granvin kulturhus.

Styremøte

Styret har i 2024 hatt 7 styremøte og har i alt handsama 40 saker i Granvin kulturhus AS.

Retts bilete

Styret meiner at årsrekneskapen gjev eit retts bilete av selskapet sine eigedelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Framleis drift

Føresetnaden for å halde fram drifta er til stades, og årsrekneskapen for 2024 er sett opp under denne føresetnaden.



STRATEGI

Visjonen til Granvin kulturhus er: **Den leiande møteplass for kultur og idrett.**

Verdiane er : **Fleksible og nyskapande
Pålitelege og inkluderande**

ORGANISASJON OG BEMANNING

Dagleg leiar har alt personal- og økonomiansvar ved Granvin kulturhus & Sterke-Nils senteret.

Opningstidene var i heile 2024 slik:

Måndag til torsdag 8:00 – 22:00

Fredagar 8:00 – 15:00

Laurdag og søndag berre ope ved arrangement.

Granvin kulturhus følger skuleruta, i samband skuleferiar etc. når det gjeld opningstidene, men har ope for arrangement og kino.

Sterke-Nils aktivitetssenter er opent for individuell trening alle dagar heile året 05:00-23:00. Bemanning og gruppetimar kan være lågare i feriar.

Biblioteket hadde desse opningstidane: man, tirs og torsdag frå 9-19 og onsdag og fredag frå 9-15. Det er i tillegg meirope i Granvin kulturhus si opningstid i vekedagane. Biblioteket har eigne opningstider i feriane.

PERSONAL

Den faste bemanninga på heile organisasjonen utgjorde totalt 6,5 årsverk. I tillegg kjem instruktørane ved Sterke-Nils senteret som er berekna til 0,3 årsverk.

Fordelinga er slik:

- Sterke-Nils, ei 50% stilling og ei 100 % stilling. Gruppetimeinstruktørar på timebasis, som utgjør omtrent ei 30 % stilling.
- Reinhold, ei 50% stilling og ei i 60% stilling.
- Kjøkken og kurs 40% stilling
- Ved kulturdelen, kultur og marknadsføringsansvarleg 40% stilling
- Vaktmeister/kulturhusvert er tilsett i 100% stilling.
- Dagleg leiar er tilsett i 100 % stilling.
- Det blir leigd inn ekstrahjelp i samband med helgearbeid som, handballkampar, kino, teater, konsertar og ved større tilstellingar og festar.

Sjukefråværet har i 2024 vore på 7,1%. Dette er litt høgare enn snitte i vår bransje kor sjukefråværet ligg på 4,3%. Sjukefråværet kan forklarast med 1 stk. langtidssjukemeldt som slutta 15. oktober 2024.



HMS

- Det er ikkje meldt om skader eller ulykker i meldingsåret.
- Selskapet søker å fylgje opp sine plikter innan HMS.
- Oppfølging av offentlege krav og lovverk vert prioritert.
- Verksemda forureinar ikkje det ytre miljø.
- Krankontrollen gjennomførte sin årlege kontroll i kinosalen og idrettshallen 23. januar 2024.
- Granvin kulturhus er medlem av Bedriftshelsen AS
- Granvin er medlem av arbeidsgjevarorganisasjonen VIRKE
- Det blir arrangert jamlege personalmøte.
- Selskapet har innarbeidd rutinar som tar sikte på at tilsette har same arbeidsvilkår. Med tanke på etnisitet, kjønn, alder og funksjonsnivå.
- Styret har ut frå ei samla vurdering ikkje funne det nødvendig å sette i drift spesielle tiltak med omsyn til likestillinga.

Part:	Kvinner	Menn
Styret	40%	60%
Tilsette	50%	50%

ØKONOMI OG ØKONOMIFORVALTNING

Styret er til ei kvar tid pålagt å halde seg oppdatert på selskapets økonomiske situasjon. Derfor vert den økonomiske stoda og rekneskapen sett på dagsorden på kvart styremøte og vurdert løypande gjennom året. Rekneskapen blir utført av Seljord Regnskapsservice.

Styret er også ansvarleg for at selskapet har ein forsvarleg eigenkapital og likviditet. Jf. aksje-lova § 3-4, som lyder: «Selskapet skal til enhver tid ha en egenkapital og en likviditet som er forsvarlig ut fra risikoen ved og omfanget av virksomheten i selskapet.»

Styret, saman med dagleg leiar, legg opp til ei målretta og kostnadseffektiv drift, for å halde likviditeten tilfredsstillande. Regnskapstalla for 2024 syner eit underskot på kr 476.832,-. Finanskostnader har vært ei økonomisk utfordring i heile 2024. Granvin har fått 400.000,- i støtte frå Seljord kommune i år. I tillegg 100.000,- for ferdig levert forstudie om «Framtida til Granvin». Granvins vener har skaffa 150.000,- frå Sparebankstiftelsen DNB og 50.000,- Sparbankstiftelsen i Seljord til nye bord og stolar på kulturhuset. I tillegg har vi fått 53.250,- frå kulturrom til nytt forsterkarutstyr i Bingen.



AKTIVITETAR OG ARRANGEMENT

Kurs og møte

Kurs og møter er ei god ekstrainntekt for kulturhuset då all mat servert i hovudsak er laga på huset av Granvins egne tilsette. Dette er vurdert og kalkulert til å vera det mest lønsame for bedrifta, og sikrar god kvalitet på maten. Vi ser mange er nøgde og kjem attende etter besøk til Granvin kulturhus.

Kiosk og Vestibyle

Vestibylen er eit samlingspunkt for ungdommen etter skulen. Etter opninga av Mjølkerampa ser vi mindre til dei eldre ungdommane, men dei yngre er kvar dag å sjå i ulike grupper. Dei nyttar dei nye sofaene og gjer lekser, ventar på kulturskuletimar eller nyttar Granvin som eit slags sfo-tilbod.

Teater og kino

Vi registrerer at publikum har fått nye «kultur»-vaner og det viser også nasjonale undersøkingar. Noko av dette kan også være eit resultat av Dyrtida. At mange kjenner høge renter, matvareprisar og energikostnader tek større innhogg i den private husholdinga, gjer at familiar vel bort kulturaktivitetar. Det har og vore mangel på nye storfimar på grunn av streiken i Hollywood.

Granvin er så heldige at Riksteatret har oss på turnelista. Vi er no et av landets minste scener som får besøk av Riksteatret og det er viktig å behalde og utvikle profesjonaliteten slik at vi vil være attraktive for slike profesjonelle aktørar i framtida.

Riksteatret med 5 teaterstykke.

- 8 februar, Bonnie & Clyde, 174 stk.
- 8. april, Fantorangen på teater, 144 stk.
- 6. mai, Det mørke Fortet, 123 stk.
- 9. september, Bare Elling, 205 stk.
- 1. oktober, Jakten på prinsessa, 153

Teater Ibsen med 2 teaterstykke.

- 27. februar, Vaffelhjarte, 147 stk.
- 7. november, Den politiske kannestøper, 58 stk.

Bygdekinoen besøkte Granvin 22 gonger i 2024, vist 65 filmar og det er selt 1413 stk. billetter. Best besøkte film var Nr. 24. da var salen utseld. Snittbesøket ligg rett under 22 publikum pr. film.

Andre arrangement

- Konserter og musikkteater med kulturskulen
- UKM 2024
- Norsjø kammarmusikkfest
- Seljord Folkehøgskule En søster pakt



- Seljord songlag, songkafe, Norsk på Norsk og Adventskonsert
- Seljordrevyen, Utan takt og tone (fire utselde hus)
- Lanseringskonsert Symre
- Haustfolk med Reitir og Østerlide
- Seljord kappleiken, konsert fredag (Kirsten Bråten Berg)
- Seljord skulemusikk, Nyttårskonsert og konsert med Analog Jazzband

Det vart i 2024 arrangert 9 Musikkbingo, 3 Jamkveldar, 2 bygdefestar og ein bingo og vinyl i romjula.

Billettsal:

Det vart selt 3455 billetter på kulturarrangement og omsetninga var på 716.216,-. Dette er ei kraftig auke frå 2023. Dei arrangementa som selte best var Seljordrevyen, utan takt og tone, Riksteatret – Bare Elling og Seljord songlag – Norsk på Norsk.

For Bygdekinoen selte vi totalt 1413 billetter og omsetninga var på 148.000,-

Dette gir eit totalt billettsal på 4868 billetter og ei omsetning på 864.760,- for 2024

Sal av arrangements- og kinobilletter blir i hovudsak selde på nettsida granvinkulturhus.no gjennom eBillett, eller med app. Det vert og selt og billetter i kiosken gjennom kasse-systemet DX.

Anna aktivitet

17. mai vart i år gjennomført med program ute på plassen. Juleavslutninga for seljord barneskule vart gjennomført som vanleg.

I juli vart kulturhuset nytta til overnatting av tilsette og vakter under Seljord- og Country festivalen. Det krev døgnbemannning med vaken nattevakt.

Under Dyrsku'n var det igjen camping på kulturhuset. Granvin leigde parkeringsplassen ved gamle bilrutebygget og fekk inn 30 bular ekstra.

Øvingar, treningar og møteverksemd.

Desse øver eller møter fast på Granvin:

- Seljord idrettslag
- Seljord songlag
- Seljord folkemusikklag
- Leikarringen
- Seniordans
- Seljord skulemusikk
- Seljord kulturskule.

I idrettshallen er det generelt stor aktivitet gjennom heile året, både på dagtid og kveldstid. Det er Seljord barneskule, Seljord Ungdomsskule og Seljord Idrettslag som står for det meste av aktiviteten i hallen.

Handballen brukar hallen mykje til treningar og kampar.



BIBLIOTEK

Seljord bibliotek opplever også dette året ei auke i tal på besøkande; totalt 11078 (tala er basert på digitalt registrerte besøk og trekt frå 50 %). Det fysiske utlånet i 2024 var på 14125. I tillegg kjem digitale utlån av e-bøker, e-lydbøker, film og aviser på totalt 5619, ei stor auke frå året før. Det har vore ei auke i tal på lånarar som nyttar meirope-løysinga, men det har vore feil på digital teljar, så vi har ikkje rette tal på meirope-besøk for 2024. Meirope-besøk er bibliotekbesøk etter bemanna opningstid, men innanfor Granvins opningstid.

Minibiblioteket på Joker i Flatdal held fram med jamlege utskiftingar av bøker. Utlånet går jamt og tilbakemeldingane frå publikum er gode. I samband med leseprosjekt ved Flatdal oppvekstsenter, vart det sett ut bokassar for barn på bui. Seljord bibliotek er svært god fornøgd med samarbeidet med Joker i Flatdal.

Årets Sommarleskampanje vart sparka i gang med eit steinsirkus med forfattar og steineksperter Kyrre Kartveit. Der var heile barneskulen i Seljord representert. Lesekampanjen vart også i år populær og hadde god deltaking, med ei lita auke i tal på registrerte deltakarar. Elevane i Seljord er framleis mindre aktive i Sommarles enn i fleire av nabokommunane. Til gjengeleg les kvar elev fleire bøker enn dei gjer i dei andre kommunane. I tillegg hadde vi eigen kampanje for barnehagebarn og ungdomsskuleelevar.

Tøyveskebiblioteket vart sett i gang på ettersommaren, i samarbeid med Fylkesbiblioteket og noko støtte til innkjøp frå Sparebanken DIN. Dette konseptet inneber at det vart hengt opp handlenett med tre barnebøker i kvart, som familiane fritt kan ta med seg heim, utan anna arbeid enn å skrive opp namnet til barnet på ei liste på veggen. Dette er ei satsing for å auke leselysten blant barn.

Biblioteket har hatt fleire arrangement enn året før. I alt vart det gjennomført 32 arrangement med til saman 1178 deltakarar, ei auke frå året før med 31 %. Av desse var 15 arrangement retta spesielt mot barn.

Biblioteket har i 2024 hatt ei god spreing i arrangement og forfattarbesøk. Alt frå Alf van der Hagen som snakka om Ingvar Ambjørnsen sin forfattarskap, via Thor Gotaas og Roger Sevrin Bruland til Abid Raja. I tillegg har vi hatt ein kveld med lokale forfattarane Kristin Tveiten og Elin Eika Bringa, starta opp stadnamnprosjekt og hatt ein lokalhistorisk kveld med Odd Skogheim. I samarbeid med Sommar-skulen arrangerte biblioteket teiknekurs med teikneserieskapar H.L Phoenix. I haustferien hadde vi dataspeltilbod til barn og unge i samarbeid med Bibliobattles. 2024 var også året vi starta med biblioteket som møteplass mellom publikum og ordføraren.

Samarbeidet med skulane i kommunen er stadig tettare, og vi opplever at både barn og vaksen er godt nøgde med det. Elevar frå 4. klasse har no bibliotekkortet sitt på skulen og nyttar sjølvbetent automat i større grad. Vi har hatt fleire bibliotekbesøk med introduksjon til biblioteket, arrangert lesestunder og hatt planmøte med skulens administrasjon for meir formalisert samarbeid mellom institusjonane.

2024 vart det året Seljord bibliotek mottok støtte frå Sparebankstiftinga DNB til innkjøp av soneskapande møblar. Valet fall på tre stillerom og ein lydsolierende huleforma stol. Møblane vart innvia i



september og har vore flittig i bruk sidan. Både skuleelevar, studentar, skribentar og andre nyttar seg av einmanns- såvel som firemanns-stilleromma.

Biblioteket har også i 2024 samarbeid med lokale foreiningar om fleire av arrangementa, mellom anna Granvin kulturhus, Seljord husflidslag, Seljord sogelag, Seljord mållag, Seljord kunstforening, Vinjesenteret, Telemark fylkesbibliotek, Vest Telemark museum og Sparebanken DIN. Dette er veldig berikande for biblioteket og er med på å gjere publikum eit betre tilbod.

STERKE-NILS SENTERET

Pr. 01.01.24 var det 427 aktive medlemmar på Sterke-Nils senteret. Målet for 2024 har vore både å auke medlemstalet og i tillegg ta vare på dei eksisterande medlemmane våre. Vi ønsker å levere eit heilskapleg tilbod som passar alle aldersgrupper og har eit mål om å bli ein av Seljord sine viktigaste arenaer for folkehelse og ein sentral møteplass for innbyggjarane våre. Laurdag 3. februar vart Sterke-Nils-dagen 2024 og bygdefest på kvelden gjennomført i tett samarbeid med kulturhuset. 125 personar melde seg på gruppetimar denne dagen, og fleire ikkje-medlemmar møtte også opp. Vi hadde eksterne instruktørar (Arek, Groven Fitness og Corebar Rauland), som bidrog til å gjere dagen heilt super. I evalueringa av Sterke-Nils-dagen 2024 har vi blitt einig om at i framtida vil vi reindyrke denne dagen som ein spesialdag for våre medlemmar, fylt med gruppetimar og aktivitetar. Vi ynskjer at folk skal vere sosiale saman, trene og ha det moro. Vi kjem til å bruke egne instruktørar, og ha korte introimar gjennom heile dagen slik at alle kan prøve vårt heilskaplege tilbod og bli introdusert til nye aktivitetar og gruppetimar. Vi trur dette fokuset vil gjere dagen så attraktiv at det vil føre til rekruttering av nye deltakarar, som ikkje er medlemmar.

I 2024 har vi vidareført arbeidet med sosiale medier, då vi ser på dette som ei viktig satsing for senteret. Tida vi set av til marknadsføring, og kvaliteten på innhaldet, har vist seg å ha positiv effekt på medlemstalet. Vi har også utvida samarbeidet med Seljord skule og jobbar for å få plass på timeplanen årleg i temaet Livsmestring, noko som har fått positive tilbakemeldingar frå rektor. Vi har jamlege møte med LOS-koordinator, psykisk helse, helsesjuepleiar og fysioterapeut, der folkehelse og førebygging blant ungdom er hovudfokus. Som eit resultat av dette samarbeidet har Sterke-Nils innført obligatorisk treningsveiledning for alle under 18 år i 2024. I denne veiledninga tar vi opp tema som: trening og treningsprinsipp for ungdom, førebygging av skader, kroppspress, reingjering på senteret, telefonbruk, kosthald/megareksi/anoreksi, åtferd på senteret, reint senter/antidoping Norge osv. Alle foreldre blir også kontakta ved innmelding. Denne satsinga krev mykje ressursar frå senteret, men vi meiner den er verdt innsatsen. Vi opplever at dette skapar betre kontakt med ungdommane, og foreldre gjev positive tilbakemeldingar på tiltaket. Vi får bidra til å «oppdra» ungdommane, slik vi ynskjer at dei skal oppføre seg på senteret, og dette gir oss fleire fornøgdde medlemmar. Tidlegare kom det ofte klager frå vaksne medlemmar då dei yngste byrja på senteret i januar, men viser at dette har betra seg med denne satsinga i 2024.

I april 2024 gjennomførde vi ein omstilling frå iBooking/Excline til det nye Membro-systemet. No kan alle medlemmar enkelt få oversikt over sitt medlemskap, faktura, bookingar, besøk osv. via appen, og vi har også fått moglegheit for mobiltilgang til senteret. Sjølv om endringar kan vere utfordrande, har vi opplevd at denne overgangen har gått veldig bra.



Vi har halde oppe den auka aktiviteten på gruppetimar på senteret. Vi har 15 fantastiske instruktører og gjennomfører mellom 22 og 27 gruppetimar kvar veke. Tilbodet vårt spenner frå barseltrening, yoga, sykkel hard, seniortrim, gubbetrening, styrke x-fit og meir. Det er noko for alle aldersgrupper og ynskjer!

Senteret er resertifisert som Rent senter av Antidoping Norge, og Linda har teke over ansvaret som «reint senteret-ansvarleg». Vi har gjennomført tre «dopingsamtalar» i løpet av året, noko som er ein viktig del av det førebyggjande arbeidet for å halde senteret «reint».

Ved utgangen av 2024 er vi oppe i 476 aktive medlemmar, eit tal vier svært fornøgde med, og som gir oss stor motivasjon for å nå 500 medlemmar innan 2025!

LEIGETAKARAR

- Seljord kommune er Granvins største leigetakar og leiger lokalar på timebasis og fast til ulike føremål. Slik som; gym, kulturskule, ungdomsklubb, framsyningar, møte mm.
- Seljord Idrettslag leiger idrettshallen til sine aktivitetar og møterom med inntil 100 møter i året
- Seljord Ungdomslag med sine undergrupper leiger Gamlesalen til sine aktivitetar. Det gjeld Seljord Songlag, Seljord Spelmannslag og dansarlag, Tusseleiken og Kviteseid & Seljord leikarring. Nå er også revygruppa på plass igjen.
- Seljord Folkehøgskule leiger kinosalen ein gong i året til sitt musikalshow. Sterke-Nils senteret har eit spesialmedlemskap for elevar ved folkehøgskulen, som mange nyttar seg av. I tillegg leiger dei spinningssalen ein gong i veka.

MARKNADSFØRING

Både Granvin og Sterke-Nils har egne nettsider. På www.granvinkulturhus.no ligg informasjon om huset og arrangement i tillegg til billettsal. På www.sterkenils.no får du vite alt du treng om treningssenteret. Du kan melde deg inn, melde deg på dei ulike gruppetimane.

Alle arrangement på kulturhuset lagt ut på nettsida til Granvin kulturhus. I tillegg produserer vi ulike Instagram og Facebook innlegg for Granvin og Sterke-Nils rundt dei ulike aktivitetane og arrangementa som føregår på huset. Vi jobbar heile tida for å bli meir attraktive og sett på SoMe. Det kan være ulike videoar til reels eller story. Nyhetsbrev kjem no nesten kvar fredag gjennom Mailchimp.

Det vert og sendt inn forslag til redaksjonell omtale til Varden, TA og VTB.



DRIFT OG VEDLIKEHALD AV BYGG, UTEOMRÅDE OG UTSTYR

Granvin kulturhus har no ca. 5300 m2 inneareal og uteområde med 10,5 mål grasplen. Bygningsmassen er stor og krev meir ressursar og vedlikehald år for år. Vedlikehaldsplanen, som vart utarbeidd i 2013 er eit nyttig verktøy i driftsansvarleg sitt daglege arbeid. Denne planen reviderast jamleg. Det er driftsansvarleg som har det vedlikehaldsmessige fagansvaret.

Sommaren 2020 vart varte det gjort store enøk tiltak på kulturhuset Vi kan no til ei kvar tid sjå og styre straumforbruket på heile bygget. Einaste oppvarmingskilde er straum, så vi ser at på kalde dagar gjeng forbruket til vær. Her er oversikt over straumforbruket dei siste åra.

Forbruk 2019	695392 kWh
Forbruk 2020	393709 kWh
Forbruk 2021	367111 kWh
Forbruk 2022	332730 kWh
Forbruk 2023	371062 kWh
Forbruk 2024	341676 kWh

Vedlikehaldsarbeid og utbetringar i 2024

- Nytt lys på Sterke-Nils. Alt lys er nå led og bevegesstyr
- Nye bord til kurs, samlingar ol.
- Nye stoler til kurs, vestibyle, kulturskulerom

Årleg service/kontroll utført:

- På alle apparat og halvparten av spinningsyklane (anna kvart år) på aktivitetssenteret Sterke-Nils av Fitness Brands.
- Alle sju ventilasjonsanlegg med byte av filter og reimer av GK
- Brannalarm/naudljøs av Dyrud Elektro.
- På manuelle brannsløkkeutstyr (slangar, pulver- og skumapparat)
- Skadedyrbekjempelse av Pelias.
- Gassanlegg kjøkken av Gass & rørservice

Oppsummering

Vestibylen er kvar ettermiddag fylt med ungdommar og born som brukar Granvin som SFO. Dei ventar på kulturskuletimar, handball eller anna aktivitet eller berre treng ein stad å henge.

Granvins venner blei stifta i 2023 etter ein trong fødsel over fleire år. Denne gjengen med eige styre og org. nr. skal bidra til meir støtte og aktivitet på huset. I 2024 har dei skaffa 200.000 til nye bord og stolar på kulturhuset

Dei tilsette ved Granvin og Sterke-Nils er ein super gjeng som gjerne tek i eit ekstra tak når det trengs. Dette er nyttige eigenskapar når ein er tilsett ved eit kulturhus som driv med så mange forskjellige aktivitetar. Mykje av aktiviteten på kulturhuset er eigeninnsats frå tilsette



som musikkbingoar, jamkveldar og bygdefestar me og vi ser at dette er bra for aktivitetsnivået på kulturhuset. I tillegg til utleige av lokalar, drift av treningssenter, utleige av idretts-hall, teater, kinotilbod og andre kulturarrangement driver vi også hotell under festivalane og campingplass Dyrskun. Dette er eigentleg ikkje noko vi ønsker å drive med, men må gjere det for å nærme oss ballanse i regnskapet. Styret ser at det er masse aktivitet på kulturhuset i alle saler og rom, men sjølv om det skjer mykje bra, må ein ha plass til ei bekymring. Det er at Granvin kulturhus ikkje har pengar å sette av til vedlikehald av bygningsmassa både utvendig og innvendig dei neste åra. I tillegg er likviditeten ganske skjør sjølv om omsetninga aukar. Utfordringa er at utgifter og krav til rapportering og byråkrati aukar meir enn inntektene. Styret meiner det er viktig at eigarane er informert om denne utfordringa og om ikkje Granvin kulturhus blir tilført meir kapital til vedlikehald, kan dette på sikt få konsekvensar for den driftsmodellen kulturhuset har i dag.

Seljord, 06.03.2025

I styret for Granvin kulturhus AS

Kai Slåkvik
styreleiar

Irene Kåsa
nestleiar

Kim Bringa
styremedlem

Lene Kleivi
styremedlem

Hans Inge Hågen
styremedlem

Geir Jensen
dagleg leiar



Resultatrekneskap			
GRANVIN KULTURHUS AS			
Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2024	2023
Driftsinntekter	1	9 365 767	8 848 687
Sum driftsinntekter		<u>9 365 767</u>	<u>8 848 687</u>
Varekostnad		589 305	472 564
Lønnskostnad	2	5 066 417	4 417 961
Avskrivning på driftsmiddel og immaterielle eiendelar	3	973 329	993 082
Annen driftskostnad		2 319 595	2 459 289
Sum driftskostnader		<u>8 948 646</u>	<u>8 342 896</u>
Driftsresultat		<u>417 121</u>	<u>505 790</u>
Finansinntekter og finanskostnader			
Annan renteinntekt		10 419	18 895
Annan finansinntekt		15 227	14 202
Annen rentekostnad		919 599	831 068
Resultat av finansposter		<u>-893 953</u>	<u>-797 971</u>
Resultat før skattekostnad		-476 832	-292 180
Resultat		<u>-476 832</u>	<u>-292 180</u>
Ekstraordinære inntekter og kostnader			
Årsresultat	4	<u>-476 832</u>	<u>-292 180</u>
Overføringer			
Overført til udekt tap		476 832	0
Overført fra annen egenkapital		0	292 180
Sum overføringer		<u>-476 832</u>	<u>-292 180</u>









Balanse			
GRANVIN KULTURHUS AS			
Eigendelar	Note	2024	2023
Anleggsmidler			
Immaterielle eigendelar			
Varige driftsmidler			
Kunst, tomter og annan fast eigendom	3	577 526	595 176
Bygg og anlegg	3	16 063 955	16 835 658
Driftslausøyre, inventar o.a. utstyr	3	992 150	1 071 573
Sum varige driftsmidler	3, 5	<u>17 633 631</u>	<u>18 502 407</u>
Finansielle driftsmiddel			
Investeringer i aksjar og lutar	6	5 000	5 000
Sum finansielle anleggsmidler		<u>5 000</u>	<u>5 000</u>
Sum anleggsmidler		<u>17 638 631</u>	<u>18 507 407</u>
Omløpsmiddel			
Lager av varer og annan behaldning		<u>84 113</u>	<u>95 202</u>
Fordringar			
Kundefordringar		269 412	470 524
Andre fordringar		18 036	-1 348
Sum fordringar		<u>287 448</u>	<u>469 176</u>
Investeringer			
Bankinnskott, kontantar o.l.		<u>1 074 074</u>	<u>1 093 768</u>
Sum omløpsmiddel		<u>1 445 635</u>	<u>1 658 146</u>
Sum eigendelar		<u>19 084 266</u>	<u>20 165 553</u>



Balanse				
GRANVIN KULTURHUS AS				
Egenkapital og gjeld	Note	2024	2023	
Innskutt egenkapital				
Aksjekapital	7, 8	4 094 000	4 094 000	
Sum innskutt egenkapital		<u>4 094 000</u>	<u>4 094 000</u>	
Opptjent egenkapital				
Annen egenkapital	8	0	-292 180	
Udekket tap		-1 034 642	-265 630	
Sum opptjent egenkapital		<u>-1 034 642</u>	<u>-557 810</u>	
Sum egenkapital	4, 8	<u>3 059 358</u>	<u>3 536 190</u>	
Gjeld				
Avsetning for plikter				
Annan langsiktig gjeld				
Gjeld til kredittinstitusjoner	5	14 582 080	15 293 400	
Sum annan langsiktig gjeld	5	<u>14 582 080</u>	<u>15 293 400</u>	
Kortsiktig gjeld				
Leverandørgjeld		173 454	176 643	
Skattetrekk og andre trekk		429 178	330 584	
Annan kortsiktig gjeld		840 196	828 736	
Sum kortsiktig gjeld		<u>1 442 828</u>	<u>1 335 964</u>	
Sum gjeld		<u>16 024 908</u>	<u>16 629 364</u>	
Sum gjeld og egenkapital		<u>19 084 266</u>	<u>20 165 553</u>	

Seljord, den 19. mai 2025
Styret i GRANVIN KULTURHUS AS

 Kai Slåkvik styreleder	 Irene Ulvål Kåsa Nestleiar	 Hans Inge Hagen styremedlem
 Lene Kleivi styremedlem	 Kim Bringa styremedlem	 Geir Anders Jensen Dagleg leiar

GRANVIN KULTURHUS AS Side 4



Noter Granvin Kulturhus AS

Rekneskapsprinsipp

I årsrekneskapan er alle postar verdsette og periodiserte i samsvar med rekneskapslova sine føresegner og reglane som fylgjer av god rekneskapsskikk for små føretak.

Klassifisering

Eigendelar til varig eige eller bruk, samt fordringar med forfall meir enn eitt år etter balansedagen er klassifiserte som anleggsmiddel. Andre eigendelar er klassifisert som omløpsmiddel. Gjeld som forfell seinare enn eitt år etter rekneskapsperiodens utgang er oppførde som langsiktig gjeld.

Varige driftsmiddel og avskrivningar

Varige driftsmiddel er vurdert til historisk kost etter frådrag for bedriftsøkonomiske avskrivningar som er tufta på kostpris og forventa økonomisk levetid.

Aksjar

Omløpsaksjar er vurdert til det lågaste av gjennomsnittleg kostpris og verkeleg verdi. Andre aksjar som er oppført i rekneskapan er ført til kostpris. I dei tilfelle der den verkelege verdien er lågare enn kostprisen og dette ikkje er forbigåande, er det gjort ei nedskrivning.

Varelager

Varelageret er vurdert til den lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Verkeleg verdi er netto salsverdi på tidspunkt for framtidig sal. Kostprisen for tilverka varer er full tilverknadskost som også inkluderer ein del av indirekte og faste kostnader.

Fordringar

Fordringar er ført opp i balansen med pålydande for fordringane etter frådrag for konstaterte og venta tap.

Driftsinntekter og kostnader

Inntektsføring skjer etter oppteningsprinsippet som normalt vil vera leveringstidspunktet for varer og tenester. Kostnader vert tekne med etter samanstillingsprinsippet, dvs at kostnader vert tekne med i same periode som tilhøyrande inntekter vert inntektsførde.

Skattekostnad og utsett skatt

Verksemda har ikkje erverv som formål og er friteken for formue- og inntektsskatt etter skattelova § 2-32 fyrste ledd, og vil såleis vere friteken for innsending av skattemelding.



Noter

Granvin Kulturhus AS

Note 1 Offentlige tilskot og andre drifttilskot

Tilskot til drift/investering	2024
Tilskot frå Seljord Kommune (forstudie om Granvin si framtid)	100 000
Tilskot frå Seljord Kommune (ekstraordinær kulturstøtte)	300 000
Tilskot frå Seljord Kommune (spaserstokken 2024)	4 000
Tilskot frå Seljord Kommune (kulturstøtte til kinodrift)	100 000
Tilskot frå Kulturrom (tilskudd til utstyr til Bingen)	53 250
Sum offentlige tilskot	557 250

Note 2 Lønskostnader

Lønskostnader	2024	2023
Løningar	4 404 362	3 672 955
Arbeidsgjevaravgift	480 325	421 218
Pensjonskostnader	290 678	230 706
Styregodtgjørelse	31 000	31 000
Andre ytingar	142 416	113 027
Refusjon sjukepengar/ Andre refusjonar løn	-282 364	-53 993
Sum	5 066 417	4 414 913

Gjennomsnittleg tal på årsverk har i 2024 vore ca. 6,5. I tillegg kjem instruktørane ved Sterke-Nils senteret som er berekna til 0,3 årsverk.

Obligatorisk tjenestepensjon

Selskapet er pliktig til å ha obligatorisk tenestepensjon etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Det er inngått avtale med Storebrand om innskotspensjon ITP for verksemda sine faste tilsette. Det er og inngått sluttvederlagsordning og sliterordning via Fellesordninga for AFP. Selskapet oppfyller dermed krava i loven for regnskapsåret 2024.

Note 3 Anleggsmiddel

	Maskiner Inventar	Bygg	Kunst/ Utmyking / Tomter	Sum
Kostpris 01 01	4 675 107	43 318 733	647 176	48 696 366
Tilgang i år	227 041	130 762	0	357 803
Tilgang i år justert mva	0	0	0	0
Avgang i år	253 250	0	0	253 250
Kostpris 31 12	4 648 898	44 147 773	647 176	48 800 919

Granvin Kulturhus AS

Org.nr: 999 640 052



	Noter			
	Granvin Kulturhus AS			
Nedskrive med tilskott/gåve tidl. år	3 600 120	12 564 585	125 000	16 290 305
Grunnlag avskrivingsatts	1 074 388	31 583 188	522 176	33 304 751
Inngående balanse 01 01	302 588	17 677 643	522 176	18 502 407
Avskrivningar i år	139 542	839 752	0	973 329
Bokført verdi 31 12	992 150	16 063 944	577 526	17 638 631
Avskrivingsatts	2%-30%	2%-10%	0%-10%	

Note 4 Eigenkapital

	Aksjekapital	Overkurs	Annan innskoten eigenkapital	Udekket tap	Sum eigenkapital
Pr. 31.12.2023	4 094 000	0	0	-557 810	3 536 190
Årets resultat				-476 832	-476 832
Pr 31.12.2024	4 094 000	0	0	-1 034 642	3 059 358

Note 5 Langsiktig gjeld/ Pantesikring

Gjeld som forfell meir enn fem år etter at rekneskapsåret er slutt:	2024
Lån Kommunalkbanken	-14 582 080
Sum anna langsiktig gjeld	-14 582 080

Bokført verdi av eigendelar som er sikra ved pant for denne gjelda er:	2024
Anleggsmiddel	17 633 631
Sum	17 633 631

Seljord Kommune har garantert for lånet med sjølskyldnarkausjon kommunesak 38/19, jamfør kommunestyresal 38/18, 24.05.2018 og fylkesmannens godkjenning datert 07.08.2018 (Ref. 2018/2625)

- Seljord Kommune tak pant i egedomen til Granvin Kulturhus AS, gnr 45 bnr. 19 pålydande garantibeløpet.
- Om Seljord Kommune må inn og dekkje betalingsforpliktingar som garantist, kan kommunen trekkje frå same beløp på betalingar for leige og tilskot til Granvin Kulturhus AS.



Noter Granvin Kulturhus AS

Note 6 Aksjar i andre selskap.

	Tal på aksjar	Pålydande	Bokført verdi 31.12.
Hjallarhornet Radio AS	10	500	5 000

Note 7 Aksje eigarar

Aksjekapitalen i Granvin Kulturhus AS pr 31.12.:

	Antall	Pålydande	Bokført
Sum	8 900	460	4 094 000

Eigarar	Aksjar	Eigarandel
Seljord Kommune	2 550	28,6%
Seljord Idrettslag	2 000	22,4%
Seljord ungdomslag	2 000	22,4%
Andre	2 350	26,6%
Sum	8 900	100,0%

Tidlegare lutkapital er nytta som tingsinnskot ved stiftinga av nytt AS i 2013

Innbetalt i kontantar	5 055 000
Konvertert gjeld	2 000 000
Dugnad o.l.	1 876 000
Sum tidlegare lutkapital	8 931 000

Fordeling i nytt AS	
Dekt inn udekt tap pr 31.12.12	3 821 000
Aksjekapital	4 094 000
Overkurs	1 016 000
Sum nytta tidlegare lutkapital	8 931 000

Note 8 Vidare drift

Arbeidet til styret i 2024 har i hovudsak vore å forvalte inntektene og redusere kostnadene for å sikre den daglege drifta. I budsjetta for 2025 er det lagt opp til ei nøktern drift som skal skape ei berekraftig økonomi. Styret, saman med dagleg leiar, legg opp til ei målretta og kostnadseffektiv drift, for å halde likviditeten tilfredsstillande. Leiinga arbeider kontinueleg med å auke dagens inntekter ved å fortsatt skape eit attraktivt tilbod innanfor kultur og trening. I løpet av de siste årene har det vore investert i energibesparande tiltak, som bidrar til mer kostnadseffektiv drift, ihht straum kostnadar.

GRANVIN KULTURHUS AS har eit underskot i 2024, og aksjekapitalen er delvis tapt per 31.12.2024. Styret ventar seg ei nøytral dagleg drift i nær framtid, og på lengre sikt ventar styret betre tider, ettersom viktige bransjeindikatorar indikerer betre tider.



Telerevisjon AS

Statsautoriserte revisorer

Foretaksregisteret: NO 990 174 873 MVA
Godkjent revisjon- og regnskapselskap
Medlem av Den norske revisorforeningen
Nettside: www.telerevisjon.no
post@telerevisjon.no / tlf. 24 20 12 00

Til generalforsamlingen i Granvin Kulturhus AS

Melding fra uavhengig revisor

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Granvin Kulturhus AS som viser eit underskot på kr 476 832. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2024 og resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og notar til årsrekneskapen, irekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2024 og av resultatata og kontantstraumane for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgaver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet i samsvar med krava i lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Styret (leinga) er ansvarleg for informasjonen i årsmeldinga. Ytterlegare informasjon er årsmelding Granvin Kulturhus AS 2024. Vår konklusjon om årsrekneskapen over dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskapen vi har opparbeidd oss under revisjonen, eller om informasjonen i årsmeldinga inneheld vesentlege feil. Vi har plikt til å rapportere om årsmeldinga inneheld vesentlege feil. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

1/3 19/5-2
94



Televisjon AS

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga (styret og dagleg leiar) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gjev eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ein finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerstene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og vurderer vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekkta, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi på om leiinga sin bruk av føresetnaden for fortsett drift er formålstenleg, og basert på innhenta revisjonsbevis, om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta fram til datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet ikkje kan helde fram med drifta.

19/5-25
JK




Telerevisjon AS

- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innholdet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gjev eit rettvisande bilete.

Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde innhaldet i revisjonen og tidspunkt for revisjonsarbeidet, og eventuelle vesentlege funn i revisjonen, irekna vesentlege svakheiter i den interne kontrollen, som vi avdekker i løpet av revisjonen.

Telerevisjon AS
Seljord, 19. mai 2025


Kristian Espeland
statsautorisert revisor, MBA